

Strand SV: Kommunevalprogram 2023 – 2027.

Strand kommune har som visjon: Saman om trivsel. Visjonen samanfatar på mange måtar viktige hovudområde i SV sin politikk. Overordna mål med politikken er trivsel for alle innbyggjarane. Fellesskap er sentralt både for å leve det gode livet og for å byggje det gode livet, byggje den gode politikken.

Kultur, Idrett og friluftsliv

Kulturtilbod er viktig for trivsel. Kulturpolitikken skal både gje innbyggjarane tilgang til kultur og gje dei moglegheit til å utøve kultur. Kulturskulen er til for å framelske og dyrke dei kreative kreftene hjå innbyggjarane.

SV vil:

- At kulturskulen har plass til alle som ønskjer det
- At kulturskulen skal vere mangfaldig, rimeleg og halde eit høgt fagleg nivå
- Bygge svømmehall på Tau
- Støtte opp om lokale kulturaktørar og frivillige organisasjonar
- At flest mogleg får høve til å delta i friluftsliv- og idrettsaktivitetar
- Innføre kulturkort for ungdom
- Ha nytt kulturhus, eventuelt i kombinasjon med et nytt rådhus

Samferdsel

Kommunen skal ha effektive og funksjonelle samferdselsløysingar der omsynet til ressursbruk og miljø skal ligge i botn.

SV vil:

- At kommunen skal arbeide for at transportbehov vert dekkja av utsleppsfrie køyretøy innan 2030. Dette gjeld må skuleskyss og kollektivtransport.
- At kommunen skal arbeide for reduserte prisar på kollektiv transport.
- Seie nei til bompengar og at dagens bompengesatsar må frysast. Også utanlandske turistar må betale bompengar i Ryfast.
- Arbeide for gang- og sykkelveg til Nordmarka og frå Høyland til Fiskå
- **Trygge skuleveggar, skolebuss for elever med lang og/eller farleg skuleveg.**

Oppvekst og levekår

Barn og unge er framtida vår, og ein god barndom varer livet ut. Arbeidet med inkludering og integrering startar i barnehagen, og held fram i skulen. Gode kommunale tenester og oppfølging som er tilgjengeleg for alle er ein viktig del av likeverdet og arbeidet med likestilling.

SV vil:

- Auka grunnbemanning i barnehage, grunnskole, SFO og i omsorgssektoren.
- Tillitsreform i offentleg sektor.
- Utgjevne sosiale forskjellar med gratis kjernetid og søskenmoderasjon i SFO, skulelekser med veiledning framfor heimelekser og gratis skulelunsj.
- Styrke tverrfagleg og tverretatleg samarbeid i offentleg sektor, styrke spesialpedagogiske tilbod i

skule og barnehage, sikre helsesjukepleiar og sosialfagleg tilsette i skulen.

- Sikre tilstrekkelege og verdige omsorgs-, bu- og omsorgstilbod slik alle får den hjelpa dei har behov for. Styrke forebyggjande arbeid og ettervern.

- Innføre «Leige for å eige» modellen for å redusere terskelen inn på bustadmarknaden.

Klima/Miljø

SV meiner klimasisituasjonen i verda er den største utfordringa me står ovafor - omsynet til klima og miljø må gjennomsyre alt me gjer både globalt, nasjonalt og lokalt.

SV vil:

- At kommunen skal arbeide for klimanøytralitet innan 2030, dvs at kommunen ikkje skal sleppe ut meir klimagassar til atmosfæren enn det den greier å fange opp eller fjerne
- Alle kommunale nybygg skal innan 2030 vere utsleppsfrie og produsere meir energi enn dei brukar
- Eksisterande kommunale bygg skal opprustast med sikte på redusert utslepp og energibruk, solceller el.l bør vere standard
- For å førebygge vidare tap av urørd natur skal kommunen innføre arealrekneskap og arbeide mot å vere arealnøytral innan 2030
- At kommunen – i dei selskapa dei er medeigar i – skal vere pådrivar for klimanøytralitet og energipositivitet i alle selskap
- At kommunen skal støtte aktørar som arbeider mot matsvinn og samarbeide med matkjedene lokalt for gjenbruk av mat som er i ferd med å gå ut på dato
- Tilrettelegge for at landstraum er tilgjengeleg for båttrafikk og arbeide for at landstraum blir standard ved alle hamner i kommunen
- At kommunen praktiserer vern av strandsona og byggeforbod i 100-metersona

Næringsliv

Kommunen skal ha ei pådrivarrolle når det gjeld tilrettelegging for og utvikling av lokalt næringsliv. Dette omfattar må utvikling av nærings- og industriområde og at kommunen nyttar makta si som eigar og etterspør med sikte på styrking av lokalt næringsliv

SV vil:

- Verne om lokale arbeidsplassar, og kjempe mot sentralisering
- Seie nei til privatisering og konkurranseutsetting av skole, barnehage og eldreomsorg (alle kommunale tenester?)
- Ha fleire kommunale arbeidspraksisplasser for innvandrarar
- Satse på å etablere arbeidsplassar i nærområda
- Legge til rette for at næringslivet tar inn fleire lærlingar
- Ha en god personal- og seniorpolitikk i kommunen